



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 Påske 2022 | 100. ÅRG.



# ANDAKT

## ..du som ikkje er på Facebook lenger...

av Kjell Olav Høstaker Nordheim

Han har eg altså blitt, i følgje ein del innleiingar til kaffikopp-prat. Eg er visst blitt han som ikkje lenger er der alle dei andre omgåast. Om sosiale media er våre dagars torg, der landsbyen møtest – er eg då blitt eremitten? Einebuaren som har laga sitt personlege kloster for å unngå dei mange inntrykk som myldrande kvardagsliv gir?

Fullt så enkelt er det visst ikkje. For det første har eg deaktivert, og ikkje sletta Facebook-kontoen min. Mellom anna for å sjå om eg saknar det. Og konklusjonen etter ein del månader, er: Overraskande lite. Men innimellom.

For det andre har eg heile tida hatt eit fleir-sidig tilhøve til sosiale media. Eg irriterer meg nok like mykje som andre over sjølvpåført stiv nakke, og tid eg har sølt vekk på tanketom scrolling. Eg vert opprørt og lei meg over kor mange som anten ikkje forstår kor hardt orda deira slår, eller verre: At dei ynskjer å slå med orda sine.

Men likevel har Facebook vore blant dei viktigaste kanalar eg har hatt dei siste åra for å gjenoppta kontakt, dele det som ligg meg på hjartet, og til dømes inspirere til å bidra til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Det har altså ført mykje godt med seg. Det vart til og med video-gudstenester under nedstenginga, der eg sist påske fekk dele evangeliet om den oppstadne Jesus Kristus.

Heime flirer dei litt av meg, med god grunn. Snakk om å ikkje heilt vite kva ein meiner! Har eg gløymt at det var eg som for ein heil del år sidan overbeviste min betre halvdel om at Facebook ikkje berre for tenåringar, men noko ho også kunne ha stor glede av? Og no er eg ikkje anna enn kritisk?

Eg har ikkje gløymt det, nei. Men eg tenker det er viktig å merke at også Facebook og måten vi brukar det på har endra seg. Og at det har endra oss. Ikkje det at eg klarer meg heilt utan heller. Det er jo greit å få vita om at kor-øvinga mi er korona-avlyst. Og når den einaste plassen det vert kunngjort er i kor-gruppa på Facebook, så er eg takksam for at eg får smugkikka over skuldera på ho heime som heldigvis går i same koret.

Men no i fastetida tenker eg på Facebook. For i desse vekene før påske, førebur vi påskegleda også ved å spørje om vi har høve til å seie nei til noko bra for å få høve til å seie ja til noko betre. Som eg seier til konfirmantane: Klarer du ein cola mindre i veka i fastetida, og gir det til fasteaksjonen – ja, så har du langt på veg dekkja kostnaden med å gi tilgang til reint vatn til eit anna menneske livet ut.

Det er godt med brus. Det er også godt at den som ikkje har reint vatn, får det. Og av og til er det vi som har moglegheiten til å gjere det enkle, gode valet: Å seie nei til noko bra, for å seie ja til noko betre. Dette kan vere med og opne oss for andre, det kan skape rom for å søke Gud i bøn og ved bibellesing – og det kan til og med opne eit høve til å gå til gudsteneste i påska!

Og påska sin bodskap om tilgjeving for alle synder, om at Jesus elsker sine heilt til det siste, og at Guds kjærleiks makt er sterkare enn døden – den er umisteleg. Og eg er av dei som veit at eg stundom ser klarare dersom eg løfter blikket opp frå skjermen.

Derfor ber og både for meg sjølv og for andre: Når vi no denne påska får møtast i kyrkjene att – etter to påsker med restriksjonar – må Gud la det bli gode møte mellom oss, ansikt til ansikt. Og må det bli møte med den oppstadne Jesus Kristus, ansikt til ansikt med han som skaper trua i oss. For

*«dette er det evige livet, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du sende, Jesus Kristus.»  
(Joh 17,3)*



# Velkommen, Sabina!



**Foto: Odd Asle Tveit**

Det var med stor takksemnd at kyrkjelyden kunne ta imot Sabina Baylarbayova, då ho i Holmedal kyrkje den 20. februar vart innsett i teneste som kantor i Askvoll sokn. Då var det allereie gått ein del månader sidan ho vart tilsett. Men sidan mange kjenner også Sabina godt frå den tida ho tidlegare var organist her hjå oss, har ventetida også vore fylt med forventning og tankar om gjensynslede.

Gudstenesta tok til med eit flott preludium, før soknerådsleiar Jostein Gryte tok ordet og helsa Sabina varmt velkomen attende. Han sa også litt om kor mykje musikken og songen betyr for livet i kyrkjelyden, både under gudstenester og seremoniar. Vidare las han tenestebrevet frå Bjørgvin biskop. Ein del av innhaldet i tenestebrevet var retta til Sabina, men der var også påminningar til kyrkjelydane i Askvoll om å ta godt imot Sabina, og å hugse å be og støtte henne i den viktige tenesta ho gjer for fellesskapet.

Som eit teikn på velkomsten fekk Sabina overrekk ein flott bukett frå soknerådet, før appalusen runga gjennom Holmedal kyrkje. Sokneprest Kjell Olav leia forsamlinga i bøn for den nye medarbeidaren vår, før gudstenesta gjekk vidare med mellom anna dåp.

Ved denne milepelen er det på sin plass å rette ein stor takk skal til alle organistar og musikarar som har hjulpet oss med musikk i kyrkjene våre gjennom ventetida. Ein stor takk også til Rune og Hildegunn på kontoret, som har hatt ansvaret for å finne stadig nye løysingar på vakansen vi har hatt. Det har krevd mykje innsats! Den største takken skal likevel gå til Sabina som har brote opp frå heimlandet sitt for å finne ein ny stad å feste røtene her hjå oss i Askvoll sokn. Velkomen, Sabina!

**Kjell Olav Høstaker Nordheim**



## Inviterande kyrkje

Fredag fjerde februar var det knapt råd å passere inngangspartiet på Kystgården utan å få med seg herleg duft frå nysteikte vaffer. Den dufta fann sin veg også gjennom munnbind, slik vert det gjerne når ein nyttar oppskrifta «Verdens beste vaffer» frå Sjømannskyrkja.

Det var kyrkjelydane i Askvoll som ville be om innspel, og samstundes slå av ein prat over ein kaffikopp og ein gratis vaffel. På standen stod underteikna saman med Aud Frøholm frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll, og med Aud på laget var vaffelsteikinga i dei beste hender.

Diakon Marianne Magnussen frå Bergen var også med på standen. Det er ho som står bak den anonyme spørjeundersøkinga om kva ein ønskjer skal vere neste tilbod i regi av kyrkja di. Marianne har god erfaring med å involvere lokalbefolkninga for å finne ut kva kyrkja bør prioritere. -Det var lett

å få inn svar. Eg har inntrykk av at svært mange kan tenke seg å bidra til at den lokale kyrkja vert opplevd som relevant og tilgjengeleg av endå fleire, seier Magnussen.

Svara på undersøkinga vart brukt til å førebu kurset «Inviterande kyrkje», som starta den 14. mars i Askvoll kyrkje. Takk til alle som svarte, det gav oss viktig kunnskap! Delar av resultatet av undersøkinga vart presentert på første kurskveld 14. mars, og meir kjem på dei komande samlingane,

Om du har lyst til å vere med å prege vegen vidare, eller kanskje berre kan tenke deg nokon inspirerende timar i kyrkja med fokus på lokalsamfunnet, så er du i alle høve hjarteleg velkomne til dei neste samlingane: 9. mai og 22. august, kl 16.30-19.00 i Askvoll kyrkje.

**Tekst og foto: Kjell Olav Høstaker Nordheim**



**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Sunnfjordområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)


# Barnas Turlag på kyrkjesafari i Vilnes kyrkje

Søndag 27. mars kom den spreke gjengen i Barnas turlag på kyrkjesafari i Vilnes kyrkje, etter ein tur i Nærvikja på Vilnes. Til saman 50 små og store turgåarar tok turen i kyrkja, der dei fekk god servering av bollar og kaker, saft og kaffi. På vegen til kyrkja løyste dei oppgåver i ein natursti som handla om Vilnes kyrkje og Bibelforteljinga om Noas ark. I kyrkja var det tid for oppgåver, der borna blant anna måtte leite etter mange «ville» dyr rundt om i kyrkja. Det var også spennande å prøve orgelet saman med kantor Sabina!

Tusen takk for samarbeidet til Barnas Turlag, dette var kjekt!

Tusen takk også til kyrkjetenar Dag, som sørga for ei varm og god kyrkje for kalde turgåarar, Sabina for musikk - og kyrkjelydsutvalet som stod for nydeleg bakst og drikke til alle!

**Guri Høstaker Nordheim, kyrkjelydspedagog**






# BARNAS

## Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**





- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

## Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
Teikning: Asbjørn Tønnesen

## Vitsar

- Pass deg for trappa!
  - Kva for ei trapp-app-app-app ...
- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.  
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!



# Returreise «hjem»

Hei alle sammen.

Jeg er Sabina Baylarbayova – kontor i Askvoll.

Kort om meg selv – jeg er fra Aserbajdsjan, 40 år gammel, skilt, og har en datter på 9 år.

Første gang jeg kom til Askvoll, i januar 2009, jobbet jeg 70% som kontor og 30% som musikk lærer i kulturskolen. Det var morsomt og skummelt å komme til et land hvor jeg aldri har vært før. Jeg bare visste at Norge er et land med fine fjorder. Det var en organist Rana Ahmadova som jobbet flere år i Askvoll før meg. Hun hadde kontakt med Jorunn Bull og visste at Askvoll mangler organist og musikk lærer. Så hun anbefalte den stillingen for meg for. Den gangen var Astri Helle (som jeg liker å si – min kjære Astri fordi jeg er veldig glad i henne) kirkeverge. I 2008 var det ikke Skype eller andre internettmuligheter for å ha intervju, og jeg kunne ikke komme hit for å bli intervjuet. Så Astri og Askvoll sokneråd bestemte å gi meg stillingen bare med å se på dokumentene mine. Så jeg pakket kofferten min og kom til Norge, jeg var 27 år gammel da. Folk tok veldig varmt imot meg, så jeg følte at jeg kom til en familie. Jeg hadde ikke skikkeleg norskundervisning den gangen, det var Jorunn og Ragnar Bull, Liv Hushagen og Arnulf Elle (fra Dale videregående skole) som lærte meg språket og pga. mye prating har jeg fort lært norsk. I slutten av 2009 kunne jeg godt norsk, og i mai 2011 besto jeg Norskprøve 3 både muntlig og skriftlig.

Sommeren i 2010 giftet jeg meg med en aserbajdsjansk mann. Han kom til Askvoll høsten i 2010, men høsten 2012 måtte jeg flytte tilbake til Baku – hovedstaden av Aserbajdsjan - pga. helsen min. 6. februar i 2013 fikk jeg en datter – Ayan Heydarova.

Jeg holdt kontakten med mange folk herifra. Vår venn Roy Kristian Strømsheim kom på besøk til oss hvert år, og jeg fikk mange e-poster og julebrev fra folk i Askvoll, og holdt kontakt på Facebook og Instagram med mange herfra. Av og til snakket jeg norsk med meg selv, så da jeg kom til Norge etter nesten 10 år ble folk imponert over min norsk (hipp hurra for meg). 😊

For noen år siden var det ledig kontorstilling her i Askvoll igjen. Jeg søkte, men fikk den ikke. Høsten 2021 søkte jeg, og fikk kontorstilling i Vestre Slidre, men det var en 60% stilling. Mens de prøvde å

skaffe meg 20% til, slik at jeg kunne begynne i jobben (for alle utlendinger må ha minst 80% jobb for å begynne i stillingen), kom annonsen med ledig stilling i Askvoll igjen. Kirkeverge Rune Ziener måtte jobbe ekstra for å finne 10% til 70% kontor stillingen at jeg kunne søke. Heldigvis ordnet han det til slutt, og i den 10-prosenten skal jeg starte noe helt nytt; musikkdiakoni (som musikkterapi) for eldre folk. Vi jobber med saken og håper at i løpet av de årene får vi et godt resultat av vår jobb.

Da jeg skulle tilbake til Aserbajdsjan var det noen som sa til meg – «Det er umulig å få samme stilling på samme plass etter du slutter». Men det var kjekt å komme tilbake igjen. Min returreise tok nesten 10 år.

I disse ti årene jobbet jeg som orgellærer ved Baku Musikkakademi, og jeg hadde også orgelundervisning for barn i skolen. Jeg holdt også pianokurs, der jeg hadde mange elever fra 3 til 80 år (utgangspunktet var - alle kan spille piano). Både studenter og elever fra Aserbajdsjan skriver til meg at de savner meg masse, og det er kjekt å høre at folk er glad i meg. Jeg liker å undervise både piano og orgel, så i fremtiden skal jeg kanskje starte musikkurs her i Askvoll. For alle aldersgrupper, fra 3 til 80, som jeg liker å si.

Jeg liker å fortelle at jeg fikk e-post og meldinger fra mange kjente folk herifra, de skrev at de venter på meg (ventetiden mens UDI bestemte seg + reise osv. tok nesten et halvt år), så jeg hadde en veldig sterk følelse før jeg kom til Askvoll – at nå skal jeg reise hjem (til Askvoll mener jeg). Hjem er en plass hvor man venter på deg, de er glad i deg, de vil se deg, de vil ha deg!

Dattera mi Ayan har begynt på skolen her, og jeg er veldig takknemlig for at hennes lærer – Silje Furnes Solheim og andre lærerne og elevene i 2. klasse - som tok så varmt imot dattera mi. Hun er så glad i klassen og læreren sin at hun bare løper til skolen på skoledagene.

Vi er begge spent på fremtiden!

**Sabina Baylarbayova**





*Bildene er tatt av Steinar Bauge. Det første ble tatt i 2010 og andre nå i 2022. Jeg ba ham å ta bilde av meg for kyrkjebladet, og han tok ingen betaling for det. Mange takk til ham og til alle andre som tok imot meg som en av sin familie. Nå kan jeg si – «Jeg kom hjem!»*

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42

6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon 57 73 02 95

# Utdeling av bibel til 11-åringane



**Foto: Odd Asle Tveit**

*«Såleis som Far min sende meg,  
sender eg dykk,  
å så og planta der andre skal hausta,  
å gje og å tilgje,  
å løfta og bera,  
å lækja og trøysta  
og opna ei dør til Guds rike.»*

Denne fine salmen som står som nr 991 i Salmeboka vår, med tekst av Britt G. Hallquist, var med og avslutta kvar einaste av gudstenestene der vi hadde bibelutdeling denne vinteren. På bildet kan du sjå konfirmantane Adrian Vårdal Nesberg og Glenn Nikolai Holen vere med sokneprest Kjell Olav framme i Holmedal kyrkje. Dei leier kyrkjelyden i rørsler som høver til teksten.

Etter den fine skikken vi har her hjå oss, deler vi ut biblar til born på gudstenester tidleg på etterjulsvinteren. Dette har vore ein god tradisjon i mange år, og no er det også kome inn i trusopplæringsplanen for Askvoll sokn, «Sett og verdsett».

Det er nytt av året at 11-åringane – altså dei som er eller vert 11 i løpet av året – får sin eigen Teikneseriebibel. I år var det kyrkjelydspedagog Guri som

stod for udelinga på vegne av kyrkjelydane. I boka er 63 av dei mest kjende bibelforteljingane tekne med, og ein kan lese det som ein samanhengande forteljing frå skaping til nyskaping. For slik som Gud ein gong skapte verda god, høyrer det med til det kristne håpet at Gud også skal nyskape verda. Det vert ein stad der Gud og menneske bur saman, i fred med kvarandre og i fred med Gud. Også i denne bibelutgåva er sjølv sagt hovudpersonen Jesus Kristus. Ein blir kjend med både han, gjerningane hans og likningane han fortel om ein les. Derfor er det viktig at kyrkjelydane held fram med å dele ut biblar til alle som ynskjer det. For Jesus kallar sine ord for såkorn, og det høyrer med til den kristne trua at:

*«Alt blir til av veldig lite.  
I små frø som ingen ser  
finst det merkelege krefter.  
Ingen skjønar kva som skjer  
Når eit bittelite frø vert lagt i jorda.»*  
(Norsk Salmebok nr 787, tekst av Geir Hegerstrøm)

**Tekst: Kjell Olav Høstaker Nordheim**

# Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte  
hjelpe dykk som pårørende,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.

**Blomstertorget A/S**  
**Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord**  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:*



- Kistedekorasjon*
- Hjerte*
- Kors*
- Krans*
- Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

# Bispevisitas i Askvoll 23.-26. mai 2022

I slutten av mai kjem biskop Halvor Nordhaug på vitjing til Askvoll sokn. Ein bispevisitas er at ein eller fleire kyrkjelydar får besøk av biskopen, og at han kjem for å utøve tilsyn. Det vil seie at formålet med visitasen er å støtte, inspirere og rettleie kyrkjelydar og tilsette. Målet er også å gjere kyrkja sitt nærvær synleg i lokalsamfunnet. Slik kan ein visitas vere med å legge tilhøve til rette for aktivt engasjement og stadig fornying.

For biskopen er slike visitasar ein del av tenesta hans, og han har sendt kyrkjelydane i soknet eit brev med ei lang liste over ting han ynskjer å ta del i på visitasen, og kva programmet bør innehalda.

Det er med von om at desse dagane vil inspirere til frimodigheit og fornying at kyrkjelydane i soknet no snart får ta imot biskopen. Og då må også ei storhending som ein visitas innehalda opne samlingar der alle er velkomne!

Programmet for visitasen er i skrivande stund framleis i støypeskeia, men dei store trekka er klare.

## Måndag 23. mai

Denne dagen vil først handla om biskopen sitt møte med dei tilsette i kyrkja. Prosten i Sunnfjord har allereie gjennomført ein kontorvisitas, då vart det sett etter at kontorhaldet er i orden og at kontortilhøva er tilfredsstillande. Når biskopen kjem, vil ein først møtast på kyrkjekontoret, der vert det også høve til individuelle samtalar med biskopen for dei tilsette. Etter middag dreg biskopen til Vilnes kyrkje, der alle er inviterte til kystpilegrimskveld, med både musikalske og tekstlege innslag.

## Tysdag 24. mai

Dagen tek til med skulegudsteneste i Askvoll kyrkje, for elevar i 8.-10.-klasse på Askvoll skule. Deretter følgjer eit møte med skuleleiinga i kommunen, med fokus på oppvekstvilkår for born og unge. Vegen går etter planen vidare til eit besøk på Askvollheimen, der vert det naturleg med eit fokus på det felles musikkdiakoniprojektet som Askvoll sokn, Askvoll kommune og Bjørgvin bispedømeråd står bak. Mellom lunsj og middag er det planar om bedriftsbesøk, og om kvelden ventar eit samrådsmøte mellom sokneråd, tilsette og Bjørgvin biskop.

## Onsdag 25. mai

Onsdag dag møter biskopen leiinga i Askvoll kommune, før han samlar prestane i Sunnfjord prosti i Askvoll for å ha ei samling med dei.



**Foto: Geir Møller**

## Torsdag 26. mai

På Kristi himmelfartsdag vert det først feira konfirmasjon i Bulandet, før den store visitasgudstenesta i Askvoll kyrkje kl 14. Denne gudstenesta er felles for alle kyrkjekrinsane, og vi vonar at mange vil finne vegen til kyrkjes denne festdagen! Under gudstenesta tek både prost og biskop del.

Etter gudstenesta vil biskopen halda eit visitasforedrag. Der oppsummerer han inntrykka han har fått under visitasen, og han vil gje utfordringar og synspunkt på arbeidet vidare. Etterpå vert det kyrjekaffi, og til både gudsteneste, foredrag og kaffistund etterpå er alle hjarteleg velkomne frå alle kyrkjekrinsane. Me håpar at mange vil ta del i dei opne arrangementa som vert under visitasen!

**Tekst: Kjell Olav Høstaker Nordheim**



## Høgdepunkt i visitasen

### Måndag 23. mai:

- 11.00: Ankomst til Askvoll, møte og samtalar med tilsette.
- 19.00: Kystpilegrimskveld i Vilnes Kyrkje

### Tysdag 24. mai:

- 09.00: Skulegudsteneste Askvoll kyrkje
- 10.00: Møte med fokus på oppvekstvilkår
- 12.15: Besøk på Askvollheimen
- 13.30: Bedriftsbesøk
- 18.00: Samrådsmøte med folkevalde og tilsette, Kvammen kapell.

### Onsdag 25. mai:

- 09.00: Møte med kommuneleing
- 10.30: Konvent for prestane i Sunnfjord prosti

### Torsdag 26. mai:

- 14.00: Visitasgudsteneste i Askvoll kyrkje
- 15.15: Visitasforedrag i kyrkja
- 16.00: Kyrkjekaffi



*Salg, montering og service av varmepumper*

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI**  
**ELECTRIC**

 **NOVAPGODKJENT**  
FORHANDLER

**Isovator**  
F-gass  
Sertifisering 

# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Tysdag 17.05. kl. 10.00**  
Festgudsteneste

**Torsdag 26.05. kl. 14.00**  
Visitagudsteneste

**Søndag 19.06**  
Kyrkjelydstur til Kinnaspelet. Båt  
frå Askvoll 10.30

**Søndag 26.06 kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 17.07 kl. 15.00**  
Gudsteneste

**Søndag 31.07 kl. 14.00**  
Felles gudsteneste for Askvoll,  
Fjaler og Hyllestad, i Korssund

**Søndag 07.08 kl. 11.00**  
Felles gudsteneste for Askvoll og  
Fjaler, i Dale kyrkje

**Søndag 21.08 kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 04.09 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 18.09 kl. 17.00**  
Presentasjonsgudsteneste og  
bokutdeling

**Søndag 02.10 kl. 11.00**  
Gudsteneste

## Velkommen til soknemøte

Tysdag 26. april kl. 19.00  
i Askvoll kyrkje

Vanlege årsmøtesaker.

Askvoll sokneråd



## HOLMEDAL KYRKJE

**Tysdag 17.05. kl. 11.15**  
Festgudsteneste

**Søndag 12.06 kl. 14.00**  
Friluftsgudsteneste på Vikastølen

**Søndag 03.07 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 28.08 kl. 15.00**  
Gudsteneste

**Søndag 18.09 kl. 15.00**  
Presentasjonsgudsteneste og  
bokutdeling



## KVAMMEN KAPELL

**Søndag 12.06 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 24.07 kl. 19.00**  
Kveldsgudsteneste

**Søndag 21.08 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 18.09 kl. 11.00**  
Presentasjonsgudsteneste og  
bokutdeling



## BULANDET KAPELL

**2. pinsedag 06.06 kl. 10.30**  
Pinsegudsteneste

**Søndag 17.07 kl. 17.00**  
Friluftsgudsteneste

**Søndag 28.08 kl. 10.30**  
Gudsteneste

**Søndag 11.09 kl. 17.00**  
Presentasjonsgudsteneste og  
bokutdeling



## VILNES KYRKJE

**Pinsedag 05.06 kl. 11.00**  
Pinsegudsteneste

**Søndag 24.07 kl. 11.00**  
Gudsteneste v/krabbefestivalen.

**Søndag 14.08 kl. 11.00**  
Gudsteneste med Kystpilgrimspreg

**Søndag 04.09 kl. 13.30**  
Presentasjonsgudsteneste og  
bokutdeling

**Søndag 02.10 kl. 18.00**  
Gudsteneste og salmekveld

# Kyrkjelege handlingar

## GRAVLAGDE



### ASKVOLL

|            |                           |         |
|------------|---------------------------|---------|
| 14.12.2021 | Sigmund Magne Garvik      | f. 1945 |
| 05.01.2022 | Kari Dalsøren Indrebø     | f. 1945 |
| 07.01.2022 | Anne Britt Hersvik Larsen | f. 1958 |
| 04.03.2022 | Kjell Mjåset              | f. 1926 |
| 18.03.2022 | Magnus Konrad Merkesvik   | f. 1926 |
| 08.04.2022 | Leiv Bakke                | f. 1945 |

### HOLMEDAL

|            |                    |         |
|------------|--------------------|---------|
| 30.12.2021 | Liv Vårdal         | f. 1919 |
| 11.01.2022 | Britt Tove Bjaanes | f. 1955 |
| 14.01.2022 | Berit Hellenes     | f. 1946 |
| 31.03.2022 | Johnny Vadøy       | f. 1956 |

### STONGFJORDEN

|            |                        |         |
|------------|------------------------|---------|
| 21.01.2022 | Malmfrid Gudveig Stang | f. 1933 |
| 25.03.2022 | Dag Wiik               | f. 1971 |

### VÆRLANDET

|            |                    |         |
|------------|--------------------|---------|
| 24.01.2022 | Geir Alden         | f. 1945 |
| 18.02.2022 | Sofie Hopen Landøy | f. 2000 |

### VILNES

|            |                     |         |
|------------|---------------------|---------|
| 16.03.2022 | Arne Matias Herland | f. 1938 |
|------------|---------------------|---------|

### GJELSVIK

|            |                 |         |
|------------|-----------------|---------|
| 01.04.2022 | Åsbjørg Hestvik | f. 1925 |
|------------|-----------------|---------|

## DØYPTE



### ASKVOLL

|            |                           |
|------------|---------------------------|
| 16.01.2022 | Martin Fedøy Havnen       |
| 13.02.2022 | Jonas Haugen Halsnes      |
| 13.02.2022 | Ingve Phanumas Abrahamsen |
| 13.03.2022 | Isak Jacobsen Vårdal      |

### HOLMEDAL

|            |                            |
|------------|----------------------------|
| 05.12.2021 | Johannes Åsnes Fristad     |
| 20.02.2022 | Ruben Bondhus Helle        |
| 20.02.2022 | Ida Strand Haukeland       |
| 06.03.2022 | Alida Eimhjellen Øksenberg |

### KVAMMEN

|            |                       |
|------------|-----------------------|
| 06.02.2022 | Vetle Follevåg Osland |
|------------|-----------------------|

### BULANDET

|            |               |
|------------|---------------|
| 20.03.2022 | Gustav Melvær |
|------------|---------------|

## Konfirmasjonane 2022

### Holmedal kyrkje

Søndag 24.04. kl. 11.00

### Vilnes kyrkje

Lørdag 07.05. kl. 11.00

### Askvoll kyrkje

Søndag 08.05. kl. 11.00

### Kvammen kapell

Søndag 22.05. kl. 11.00


### Bulandet kapell

Torsdag 26.05. kl. 11.00

«Lær oss å telje våre dagar  
så vi kan få visdom i hjarta».

Salme 90, vers 12.





Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

**Dåp**  
**– ein god start på livet**

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til [sekretaer@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretaer@askvoll.kyrkja.no), eller ring mobilnr.918 74 724

  
**DEN NORSKE KYRKJA**  
Askvoll sokn




## DEN NORSKE KYRKJA

### Askvoll




**KYRKJEVERJE**  
Rune Ziener  
✉ [kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no)  
☎ 479 63 319



**KYRKJESEKRETÆR**  
Hildegunn Helleset  
✉ [sekretaer@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretaer@askvoll.kyrkja.no)  
☎ 918 74 724



**SOKNEPREST**  
Kjell Olav Høstaker Nordheim  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)  
☎ 482 43 056



**KYRKJELYDSPEDAGOG**  
Guri Høstaker Nordheim  
✉ [pedagog@askvoll.kyrkja.no](mailto:pedagog@askvoll.kyrkja.no)  
☎ 481 06 298



**KANTOR**  
Sabina Baylarbayova  
✉ [kantor@askvoll.kyrkja.no](mailto:kantor@askvoll.kyrkja.no)  
☎ 930 81 399



Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til  
**692979**  
Rettleiande kr 200,-

## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I PÅSKA

### SKJÆRTORS DAG

Kvammen kl. 11.00

Askvoll kl. 18.00

### PÅSKEAFTAN

Holmedal kl. 22.00

### 1. PÅSKEDAG

Askvoll kl. 11.00

Vilnes kl. 11.00

### 2. PÅSKEDAG

Bulandet kl. 13:30

## ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 431, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll).

### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset, Kjell Olav Høstaker Nordheim

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

